

- Vil forringa kvalitetane**03.02.2010**

Kvinnherad Turlag er uroa over kva omfang det er snakk om i sandtak-planen og kan ikkje sjå at konsekvensutgreiinga gjer eit klart svar på dette.

LNF-kategorien skal vere eit område med kvalitetar innan Landskap, Natur og Friluftsliv. Slik turlaget vurderar det vil etablering av eit slikt tiltak i altfor stor grad forringa kvalitetane.

Turlaget meiner tiltaket vil føra til merkbar endring i det estetiske ved naturen i oimrådet. Inngrepet vil verasvært synleg frå dei sentrale delane av fjellområdet, mellom anna Geitadalstind. Det vil i endå større grad vera synleg for turgåarar til Mannsvatnet og området på den andre sida av dalen, eitt av dei mest nytta turområda i Uskedalen.

Turlaget er uroa over at det trass filtrering gjennom basseng vil bli frigjort sediment som vil renna ned til elva. Erfaringar frå liknande tiltak viser at sedimenta kan påføra stor skade på fisk og planteliv ved elva. Når terrenget vert ope'er det meir utsett for store nedbørsmengder og flaumar som vil føra sedimenta ut i elva. Ulukker og feil ved anlegget kan skje, slik at sediment renn ut i elva. Ein feil eller ei ulukke ein gong kan gje fatale konsekvensar for fisken.

Kvinnherad Tuirlag oppsummerar med at dei er særleg opptekne av moglege konsekvensar for friluftsliv både når det gjeld det estetiske, men også moglege konsekvensar som direkte vil kunna påverke dyre- og plantelivet i området. Men i tillegg ser turlaget konsekvensar for trafikk og støynivå. Det vil påverka naboar, men støynivået og trafikken vil også gjera naturen rundt sandtaket mindre attraktivt for dei som nyttar området til klatring, fjellturar og fiske.

Av Ola Matti Mathisen